

STATUSRAPPORT



30.09.2013

NRK Nynorsk mediesenter

Kull 20 er lyst ut med søknadsfrist 15. oktober.

Kull 19 er under opplæring, og 72 prosent av dei 90 nynorskpraktikantane vi har lært opp arbeider i media. Vi har fått oss eit nytt systertiltak i Nynorsk avissenter, og til saman lærer vi opp 18 nynorskpraktikantar i året.

STATUSRAPPORT - NRK Nynorsk mediesenter

Historisk dag i Førde



Måndag 19. august 2013 var ein historisk dag i Førde. Då byrja ni nynorskpraktikantar på opplæringa si i journalistikk for avis, nett, radio og fjernsyn. Fem på kull 19 i NRK Nynorsk mediesenter og fire på det fyrste kullet i Nynorsk avissenter, i avishuset Firda.

Ein kuriositet er at det siste kringkastingssjef Thor Gjermund Eriksen gjorde som sjef for Amedia var å løyve pengar til Nynorsk avissenter i Firda. Han verkar stolt over det.

Nynorsk avissenter lærer praktikantane sine journalistikk og nynorsk for nett og avis, medan NRK Nynorsk mediesenter framleis har fokuset på nett, radio og fjernsyn. Vi samarbeider der det er naturleg, mellom anna om gjesteførelesarar om nynorsk og andre nyttige emne.

To prisvinnarar på gjestelista



På lista over gjesteførelesarar denne hausten står det to prisvinnarar. Ingunn Solheim i Dagsrevyen og John Inge Johansen i NRK Nordland.

Ingunn Solheim fekk Kringkastingsprisen sist veke, som ein god representant for nynorsk i fjernsynet. – Ho brukar normalisert nynorsk og har ein klar uttrykksmåte, som gjer ho lett å forstå for alle. I haust har ho særleg utmerka seg i NRK sine valsendingar, skriv juryen i Kringkastingsringen mellom anna.

Den allsidige journalisten John Inge Johansen, fekk nyleg Harald Bøe sin minnepris for å vere ein føregangsmann for nye måtar å jobbe på som journalist. Han skal lære praktikantane å gjere opptak og redigere på mobilen, til bruk på nettet, også kalla mojo-journalistikk..

I Førde har vi eit ekstra eigarskap til Ingunn Solheim, sidan ho byrja i NRK Sogn og Fjordane som nynorskpraktikant 19 år gamal, i 1999. Ho var eit openlyst talent og har skaffa seg allsidig røysle frå NRK, TV2 Nyhetskanalen, Kanal 24 og Dagens Næringsliv, attåt utdanning frå NTNU og juridikum, før ho vart fast tilsett i Dagsrevyen.

Ingunn Solheim har vore ein av dei mest faste gjesteførelesarane for kulla med nynorskpraktikantar, og denne gongen skal ho snakke om kvifor ho vart journalist?

I takketalen for Kringkastingsprisen delte ho prisen med NRK: - *Eg sender ei stor takk til NRK, der det både blir sett stor pris på nynorsken og blir gjort eit målretta arbeid for å få fram språket. Der er vi som nynorskbrukarar privilegerte, sa Solheim.*

- Kjekt å bli vist så mykje tillit



Eirik Hildal (1985), frå Stord, Tale Hauso (1991), Odda, Britt Kristin Ese (1985), Jostedal, Lars Ivar Nordal (1986), Volda og Idun Fivelstad (1987), Rindal, utgjer det nittande kullet med nynorskpraktikantar.

Dei starta på opplæringa 19. august og etter berre nokre få veker var dei fyrste sakene på lufta. No lærer dei om journalistikk, nynorsk som mediespråk, foto, data og teknikk, før dei skal arbeide i redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane. Der skal dei ha praksis frå

23. oktober til jul. I løpet av november vert det avgjort kvar dei skal i ekstern praksis i to månader etter nyttår. Vi har utfordra dei til å skrive nokre linjer om korleis det er å vere nynorskpraktikant:

Eirik Hildal: - *Tida som nynorskpraktikant har vore veldig interessant. Du skal lære i ekspressfart, og vi lærer med å gjere. Det er intenst, men veldig moro. Eg ser fram til resten av tida her, og erfaringane så langt inspirerer til å fortsetje med nynorsk og journalistikk.*

Britt Kristin Ese: - *Eg har lært veldig mykje sidan eg kom hit. Me har fått god rettleiing og mykje praktiske øvingar. No ser eg fram til praksis!*

Tale Hauso: - *Nynorsk mediesenter er med på å gjere draumen min om å bli journalist til ein realitet. Eg har lært utruleg mykje på kort tid, og det er veldig motiverande å ha så engasjerte lærarar som verkeleg ynskjer å få det beste ut av meg.*

Idun Fivelstad: - *Det har vore kjekt å bli vist så mykje tillit. Det å bli sendt ut på "ordentlege" oppdrag sjølv om ein berre er praktikant, har vore utruleg kjekt! Lærarane og førelesarane er dyktige, og det er positivt at me får prøve teorien i praksis med ein gong.*

Lars Ivar Nordal: - *Å vere nynorskpraktikant har til no vore gjevande, krevjande og stimulerande. Eg hadde ikkje venta at me skulle bli kasta ut i praksis så fort. Etter to veker hadde vel alle fem praktikantane vore på lufta med reportasjar. Dette er definisjonen av lære-ved-å-gjere-det!*

To til fast tilsett i NRK



Sidan statusrapporten i juni har to tidlegare nynorskpraktikantar fått fast tilsetting i NRK: Simon Solheim (1990) som journalist i Dagsrevyen og Aleksander Vallestad (1983) som produsent i musikkgruppa som vel ut musikken i NRK P1 og P1+.

Begge var nynorskpraktikantar på kull 11, 2009/10. Solheim arbeidde i NRK Sogn og Fjordane etter at han var ferdig, medan Vallestad har vore i NRK Hordaland etterpå.

Som vernepliktig og student i Oslo var Simon Solheim vikar i Dagsnytt og Dagsrevyen, der han no får fast jobb. Fram til jul skal han vere vaktsjef i nyhendesenteret på Marienlyst.

Til saman har 32 tidlegare nynorskpraktikantar fått fast arbeid i media, 26 av dei arbeider i NRK. Per dags dato har 72 prosent av dei 90 nynorskpraktikantane vi har lært opp arbeid i media, tyngda i NRK.

Radarpar i Nitimen



Karl Kristian Langeland (1984) fekk prøve seg som programleiar i Reiseradioen i sommar, og Birte Njøsen Horne (1984) var vaktsjef for programmet. Etter at Nitimen kom på lufta att etter ferien har dei to vore programleiarar i lag, tre av fem dagar i veka.

Birte Njøsen Horne gjekk på det andre kullet med nynorskpraktikantar (2005) og hadde praksistida si i Nitimen. Horne har vore fast tilsett i underhaldningsavdelinga i NRK i fleire år. Karl Kristian Langeland gjekk på kull 13, i 2010/11, og har vore vikar og programleiar i NRK Sogn og Fjordane etterpå.

Kull 20 lyst ut

15. oktober er søknadsfristen til kull 20. Dei fem heldige vert plukka ut i november. Dei byrjar på opplæringa 3. januar og er ferdige 30. juni 2014. Då har vi lært opp totalt 100 nynorskpraktikantar.

Nyleg vart det innført tilsettingstopp i NRK, slik det var frå 2008 til 2010. I 2008 vart det innført fortrinnsrett for praktikantane frå NRK FleRE og NRK Nynorsk mediesenter, og den gjeld framleis.





– NRK FleRE og NRK Nynorsk mediesenter er ein bevisst rekrutteringspolitikk i NRK. Difor er det viktig at vi tilset dei vi har tru på derifrå, seier organisasjonsdirektør **Solveig Jølstad**

Fortrinnsretten gjer at praktikantane skal reknast som interne søkerar til stillingar i heile NRK, både faste og vikariat, og såleis kan bli tilsett framfor eksterne søkerar eller andre mellombels tilsett/vikarar.

Ordlyden for «NRKs rekrutteringsprogram» (fortrinnsretten) er slik:

«NRK Nynorsk mediesenter og NRK FleRe er strategiske rekrutteringstiltak fordi vi ønsker et økt antall ansatte og vikarer som snakker nynorsk eller har flerkulturell bakgrunn. Søkere fra FleRe-prosjektet og Nynorsk mediesenter betraktes som interne søker i tre år etter gjennomført program, og de skal gis fortrinn til ansettelse i stillinger de er fullt ut kvalifisert for. Det samme gjelder for praktikantordningen i NRK Sàpmi. De samme reglene for lovlig midlertidig ansettelse gjelder for disse som for andre midlertidige».

Gode røynsler med nynorskpraktikantane

Føremålet med desse statusrapportane er å drive litt folkeopplysing om kva vi driv på med. Stundom ber vi dei som tek mot praktikantar om å skrive litt om røynslene sine.

Chris Carlsen, redaksjonssjef i Dagsnytt:

- I Dagsnytt har vi nesten utelukkende positive erfaringer med nynorskpraktikantene. De holder generelt høyt faglig nivå når de kommer til oss og er raskt relativt selvgående. For Dagsnytt har det vært og er viktig med jevnlig påfyll av nynorskpraktikanter. Det er viktig for rekrutteringen på kort og lang sikt og gir oss mange gode nynorskstemmer på lufta.

Ragnar Christensen, distriktsredaktør i NRK Rogaland:

- Her i Rogaland har vi svært gode røynsler med praktikantar frå NRK Nynorsk mediesenter. Heile tre av dei vi har hatt i praksis, Magnus, Samina og Mathias, fekk raskt fast stilling hos oss. Dei har på kvart sitt vis markert seg i redaksjonen så vel som hos både lyttarar, lesarar og sjårarar.

Vigdis Holmaas – nyhenderedaktør i NRK Hordaland

- I NRK i Bergen er konkurransen om fast jobb beinhard. Likevel har journalistar frå Nynorsk mediesenter vore best kvalifisert i fleire tilsettingsrundar dei siste åra. Dei er fagleg solide, brenn for journalistikken sin, er språksikre og uredde. Det er rett og slett imponerande kor mykje kunnskap og erfaring dei får med seg den korte tida ved Nynorsk mediesenter.

Kvar vert nynorskpraktikantane av?

Per 30. september 2013 har vi sendt frå oss 90 nynorskpraktikantar, og 72 % av dei arbeider heil- eller deltid i media. 57 av dei 90 arbeider i NRK. Totalt har 32 fått fast arbeid i media, 26 av dei i NRK.

I NRK er det tidlegare nynorskpraktikantar i ulike radio- og fjernsynsprogram og på nettet. Til dømes i Dagsnytt, Dagsrevyen, Utanriks, Kulturnytt, Superblokka, Nitimen, NRK.no og ved distriktskontora i Nordland, Trøndelag, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.

Det er tidlegare nynorskpraktikantar i aviser som Drammens Tidende, Telemarksavisa og Møre-Nytt, og i TV2, P5 og i ulike videoselskapet. Fire er informasjonsfolk innanfor skatt, kunst, fortidsminne og utviklingshjelp.

Ein tidlegare nynorskpraktikant er leiari for Språkåret 2013, ein annan er fungerande leiari for Stortingsbiblioteket, og ein tredje arbeider med mållovsarbeid i Språkrådet. Dette berre for å syne døme på kor ulike vegar dei tek, men språket ligg ofte i botnen for det dei steller med.

I statusrapportar som denne tek vi med berre dei fem siste kulla. Dei andre finn de på nettsida www.nynorskmediesenter.no. Der skal vi vere oppdaterte på kvar dei arbeider, så sant dei sjølve hugsar å melde frå om byte av arbeid og studiar.

Kull 18 – 3. januar til 30. juni 2013



Vegar Tjørhom (1987) studerer fransk og er tilkallingsvikar i Utanriksredaksjonen i NRK, **Adalheidur Oldeide** (1988) vikar i NRK Hordaland, **Inger Johanne Ruset** (1985), studerer kinesisk ved UiO. **Hanne Våge** (1992) studerer spansk ved NTNU og er tilkallingsvikar i Her og Nå/P3. **Trond Espen Bjoland** (1993) studerer historie ved UiB og er tilkallingsvikar i NRK Hordaland.

Kull 17 – 20.august 2012 til 28. februar 2013

Kjersti Hetland (1985) er tilkallingsvikar i NRK Dagsrevyen, **Marte Halsør** (1988) er tilkallingsvikar i NRK Dagsnytt. **Tale Høyem** (1990) student, **Jon Bolstad** (1987) vikar i NRK Hordaland, **Stine Kyrkjebø Johansen** (1990) vikar NRK Sogn og Fjordane.

Kull 16 – 3. januar til 30. juni 2012

Hans-Olav Rise (1991) studerer journalistikk ved Høgskulen i Oslo og frilansar i NRK Sporten, **Ingunn Rauk** (1983) tilkallingsvikar Dagsnytt/Kulturhuset i P2. **Raymond Lidal** (1986) er frilansar og masterstudent i Jemen. **Katrine Nybø** (1986) vikar i NRK Dagsnytt og **Wilhelm Støylen** (1980) vikar i Norgesglasset, NRK P1.

Kull 15 – 22. august 2011 til 29. februar 2012



Sondre Dalaker (1992) er mediestudent ved Universitetet i Stavanger, **Susanne Egset** (1989), student og tilkallingsvikar i NRK.no/Dagsnytt, **Maria Pile Svåsand** (1986) vikar i Kulturnytt, NRK P2, **Agnese Bremere** (1988) masterstudent i København. **Lars Erik Andreassen** (1991) student ved NTNU og frilanser i NRK på Tyholt.

Kull 14 – 3. januar til 20. juni 2011



Jonas Sætre (1986) vikar i NRK.no, **Gry Brekke Hustveit** (1983) frilanser fleirkamera, **Ingvild Nave** (1990) student UiB og tilkallingsvikar i NRK Hordaland, **Ingrid Brandal Myklebust** (1986) tilkallingsvikar i NRK Dagsrevyen. **Christin Wiik Gjerde** (1981) er programleiar for Superblokka i NRK P1 (vikar). Fekk Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar i 2013.

FAKTA OM TRE TILTAK:

NRK Nynorsk mediesenter – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett, radio og fjernsyn. 10 praktikantar i året. Drive av NRK sidan 2004.

Samlokalisert med NRK Sogn og Fjordane i Førde. Leiar: Magni Øvrebotten. Senteret er modell for dei to andre.

NRK FleRE – for rekruttering og opplæring av fleirkulturelle journalistar for nett, radio og fjernsyn. Fem praktikantar i året. Drive av NRK sidan 2008, samlokalisert med NRK Østlandssendinga, Oslo. Leiar: Marianne Mikkelsen.

Nynorsk avissenter – for rekruttering av nynorskbrukande journalistar for nett og avis. Åtte praktikantar i året. Starta hausten 2013. Bak tiltaket står Avishuset Firda, Amedia, Vinjefondet, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane. Samlokalisert med lokalavisa Firda i Førde. Leiar: Arve Sandal.

Førde 30.september 2013.

Magni Øvrebotten